



ÅL KOMMUNE

Kjære næringsdrivande i Ål kommune

Gjennom eitt og eitt halvt år no, har vi stått saman om å halde eit solid nivå på lokal smittevernberedskap. Det har utan tvil vore ein viktig årsak til at vi har klart å oppretthalde mange av dei viktige servicetilboda, etter den første fasen av koronautbrotet i mars 2020.

Det går raskt mot ei ytterligare gjenopning av samfunnet vårt, og enda færre restriksjonar. Dette krever at vi alle står løpet heilt ut. Det er framleis viktig å ha søkelys på det generelle smittevernet, og å følge dei råda som kjem frå både nasjonale og lokale helsemyndigheiter.

Sommarferien har allereie begynt for mange, og med nok eit år med Noregsferie for dei fleste, betyr det at besøkstala vil auke vesentleg. Det er veldig bra, men gir oss samtidig nokre utfordringar. I Ål går vi no inn i ein kritisk fase av pandemien. Parallelt med gjenopninga trugar nok ein ny virusvariant med å øydelegge for oss. Den nye varianten blir kjenneteikna av at den både er meir aggressiv og at den rammar ein breiare del av befolkninga – også dei som er vaksinerte.

Målet vårt er at vi i heile sommar skal kunne ta imot alle gjestene våre som normalt, og gje dei tilboda dei etterspør. For å klare dette er vi alle nødt til å fortsette den gode innsatsen litt til. Vi ser dessverre at mange no velger å tone ned smitteverntiltaka overfor både kundar og tilsette. Vi håpar at vi med denne anmodinga, kan få hjelp frå dykk til å oppretthalde eit godt smittevern ut sommaren.

På den måten kan vi sikre at næringslivet kan drive tilnærma normalt gjennom sommaren, at kommunen kan oppretthalde eit forsvarleg helsetilbod til både fastbuande og gjester, og at vi kan få fullført den viktige vaksininga av befolkninga.

Det er ingen inngripande tiltak vi ber dykk om å gjere. Berre at de gjer ein fortsatt innsats med å informere kundane på ein god måte, og følge dei viktigaste smitteverntiltaka:

- **Halde avstand**
- **Halde hendene reine (vaske eller sprite)**
- **Halde seg heime om ein føler seg sjuk.**
- **Ha godt synlege informasjonsplakatar**
- **Ha spritdispensarar lett tilgjengeleg ved inngangane**

I tillegg oppmodar vi på det sterkaste om, at både kundar og tilsette i butikkar og i varehus bruker **munnbind**. Dette er eit enkelt, men viktig førebyggjande tiltak mot smittespreiing. Vi får mange spørsmål frå publikum som føler seg utrygge når dei møter andre i butikkar som ikkje bruker munnbind. Dette må vi ha respekt for, og ta på alvor. Vær så snille å vidareformidle rådet vårt om dette!

Med ønske om ein trygg og god sommar!

Karsten Dideriksen
Rådmann

Toril Bøyum
Kommuneoverlege

